

Til Multiconsult

v/Sissel.enodd@multiconsult.no

på vegne av Kystverket og Kinn kommune

Førde, 24.06.2025

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane

Innspel til varsel om planoppstart: Detaljregulering av utdjuping av grunn på sjøbotn ved Ulvesundet og Sildefjorden, Kariskjeret og Tekneskjerflua med deponi på sjøbotn

Vi i Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) vil takka for moglegheita til å komme med innspel til planprogram. Vi vil innleiingsvis vise til vårt fråsegn datert 03.11.2023 til Arealdelen av Kinn kommune sin Kommuneplan, samt våre fråsegn til utbygging av Måsholmen, og til utfylling i sjø ved Skårastranda i Måløy, datert henholdsvis datert 22.03.2024 og 18.03.2024. Våre vurderingar i tidlegare fråsegn når det kjem til viktigheita av å bevare viktige marine økosystem i fjorden ved å bevare strandsone, grunner og holmar står seg godt også i dag. FNF anbefaler kommunen og Kystverket å lese desse, og tenke på kva natur det er vi skal gje vidare til kommande generasjonar. Det er naudsynt å auke innsatsen for å redusera tapet av natur, ha strengare krav til naturødeleggingar og gjera det lettare å ta betre avgjersla når det kjem til naturtap – spesielt når det kjem til kyst, strandsone og marine økosystem.

Saka

Multiconsult varslar om at det blir starta opp arbeid med detaljregulering for tiltak i farleia i Kinn kommune. Planen skal bli konsekvensutgreia og planprogram er lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Varslinga er i samsvar med plan- og bygningslova §§4-1 og 12-8.

I Kinn kommune vert det planlagt utdjuping av grunner på sjøbotnen ved detaljregulering ved Ulvesundet og Sildefjorden, Kariskjeret og Tekneskjerflua med tilhøyrande deponi på sjøbotnen, planid 20250003. Formålet med planarbeidet er å gjera det sikrare og meir framkommeleg for fartøy som trafikkerer i farleia. Det vert regulert område for utdjuping og deponi i sjøområde.



Innspel

FNF forstår veldig godt nytten og viktigheita ved å forbetre trafikksikkerheita i fjordane, spesielt for større skip og riggar, og vi ser at dette er naudsynte omsyn å ta. Vi vil likevel krevje at dei økologiske verdiane i dei same fjordane, blir tungt vektlagt i planprogrammet.

To store globale kriser pregar verda i dag – naturkrisa og klimakrisa. Naturkrisa går først og fremst ut på at biologisk mangfald er under sterkt press og den største trusselen er arealendringar, på land og i hav. Medan klimakrisa forverrar situasjonen for biologisk mangfald, så vil naturtap forsterke dei negative konsekvensane av klimakrisa. Desse krisene heng derfor tett saman.

Som følge av dette signerte Noreg i 2022 den globale naturavtalen, som seier at vi skal verne 30 prosent av hav- og landområda våre, restaurere 30 prosent av våre øydelagde naturområde og bruke all natur på en helt anna måte enn før.

FNF saknar ei heilheitleg forvaltning av kystlandskap og naturverdiar i Kinn kommune. I denne detaljreguleringa åleine vil det førekomme; sprenging i sjø, mudring i sjø, fjerning av sjøbotn og deponering av massar. Og som så mange andre pågåande og planlagde prosjekt i Kinn kommune vil dette potensielt ha enorme innverknadar på livet i fjorden.

FNF meina at ein må ta større omsyn for bit-for-bit nedbygging av kystlandskap og viktige naturverdiar – spesielt i kyst- og marine økosystem. Oppsummert må det takast spesielt omsyn til at:

- Kinn kommune har store område med kystlinje, store strandsoner og lange, djupe fjordar, med få, svært viktige grunner. Spesielt viktig er gyteområde og grunner med ålegras og tareskog for fisken i fjorden. Slike grunner i fjorden må derfor få forbli urørde.
- Kinn kommune byggjer likevel stadig ut landareal som går på bekostning av strandsoner, viktige grunner i fjorden, holmar og øyer for å leggje til rette for meir og større industri, som til dømes ved Måsholmen. Då kjem også behovet for djupare farlei.
- FNF ber kommunen og Kystverket sjå på og vurdere den totale belastninga desse utbyggingane utfyllingane og utdjupingane har på landskapet og naturen i planarbeidet.
- Detaljreguleringa skal konsekvensutgreiast, og det må gjerast på ein måte som er reell og visar godt kva natur-verdiar som kan få negative konsekvensar ved eit slikt inngrep på sjøbotn. Her er det viktig at ein gjer ein grundig jobb. FNF ber om at konsekvensutgreiinga blir gjort av uavhengige aktørar og at ein får gjort det over lengre tidsrom og i fleire årstider, for å kunne danne seg eit godt og riktig bilete av kva økologiske verdiar som finst i fjorden.
- Når det skal fjernast havbotn på denne måten, er det viktig å ha kunnskap om kva botn det er snakk om, og kva fjerning av sjøbotn vil bety for det marine miljøet i området. Det må kartleggjast kva type botn det er snakk om i arbeidsområdet og kva økologiske verdiar som finst her, på botn og i fjorden generelt og korleis slikt arbeid kan påverke dei økologiske verdiane her negativt. Deretter må det gjerast tiltak som minskar dei negative effektane.

Til slutt

FNF krev på ei grundig Konsekvensutgreiing av detaljreguleringa som inkluderer den *totale* belastninga dette arbeidet vil gjere sett saman med andre pågåande og planlagde arealsaker i sjø og

strandsona i kommunen. Det må til ei løysing på arbeidet som gjer minst mogleg skade på økosystema i fjorden.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

FNF er et samarbeidsforum for natur- og friluftsansjoner i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsanser i fylket. Per i dag er det 13 ansjoner tilslutta FNF. Ansjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket. Forum for natur og friluftsliv (FNF) er opptatt av å ta vare på naturgrunnlaget kommunane har og fremme et allment tilgjengeleg friluftsliv i kommunen.